



Det kgl Miljøverndepartement
Postboks 8013 Dep

0030 Oslo

Oslo/Kaupanger, 24 august 2012
J.nr 240/2012

Uttale til Ny, *helhetlig verdensarvpolitikk*

Miljøverndepartementet har sendt framlegg til ein ny heilskapleg verdsarvpolitikk ut på høyring, med frist 01.07.12. Vi syner til munnleg avtale med MD om forlenga uttalefrist til 24.08.12.

Fortidsminneforeningen, som eigar av verdsarvstaden Urnes stavkyrkje (innskriven 1979), er særst godt nøgd med at Noreg sin ambisjon er at dei norske verdsarvområda skal utviklast som fyrtårn for den beste praksisen innafor kultur- og naturforvaltning. Vi opplever diverre at det er eit stort behov for å synleggjere ansvar, utfordringar, prioritere oppgåver og strategiar for å kunne nå slike ambisiøse målsettingar. Det er òg utan tvil behov for å forankre arbeidet med verdsarven betre, både lokalt, regionalt og nasjonalt, og tydleggjere rollene for å betre rutinar og få ei mykje betre koordinering. Vi opplever at naturforvaltninga har kome langt i slike strukturerte tilnæringsmåtar, noko som kulturminneforvaltninga kan hente inspirasjon i frå. FMF er likevel ikkje sikre på om den arbeidsdelinga som er tenkt i høve til Statens naturoppsyn (SN) er tilstrekkeleg gjennomtenkt. Då må i tilfelle den kulturminnefaglege kompetansen vere tilstades og på forsvarleg nivå i SN.

Fortidsminneforeningen har følgjande synspunkt i høve høyringsframlegget:

1. Sentre for verdsarven

FMF stør framlegget og ser dette som eit viktig grep for å nå målsettingane. FMF føreset at dette vert gjeldande òg for verdsarvområde som er små av geografisk utstrekning. Formidlingsmessig bør verdsarvsenteret vere lokalisert i umiddelbar nærleik av stavkyrkja. Stavkyrkja er imidlertid berre open for publikum i sommarsesongen, og administrativt og fagleg vil eit senter for verdsarvstaden Urnes stavkyrkje natuleg kunne ha lokalisering i tilknytning til Musea i Sogn og Fjordane si avdeling på De Heibergske Samlinger Sogn Folkemuseum på Kaupanger. Ei slik lokalisering sentralt i vår region inneber ei god avveging av nærleik til verdsarvstaden i Luster kommune, tett samarbeid med verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, fylkeskommunen, fylkesmannen og institusjonar som Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandforskning. Dette vil òg gjere det meir realistisk å sikre medverknad til inntil 40% lokal/regional finansiering.



FORTIDSMINNEFORENINGEN

FORENINGEN TIL NORSKE FORTIDSMINNESMERKERS BEVARING

2. Organisering, aktører og samarbeid

FMF støt dei konkrete framlegga og ser dei som avgjerande for å nå målsettingane i høyringsdokumentet. Det er eit stort problem at at Staten er lite koordinert når det gjeld politikk og verkemiddelbruk i høve til verdsarvstadene. Difor bør det føreslegne departementenes verdensarvutval tre i kraft snarast råd.

Framlegga om jamnleg og formalisert kontakt mellom Staten og representantar frå det einskilde verdsarvområdet, og at det vert oppretta samarbeidsorgan (verdsarvråd) ved den einskilde verdsarvstaden er veldig bra. For verdsarvstaden Urnes stavkyrkje har eit slikt samarbeid fungert i periodar, men har for tida liten aktivitet.

Erfaringa med å ha lokale verdsarvkoordinatorstillingar er særst positiv for dei stadene som har det, og det er det behov for ved alle verdsarvstadene. FMF meiner at verdsarvstaden Urnes stavkyrkje bør ha ei slik stilling med antikvarisk kompetanse og i eit fagmiljø som skissert ovanfor.

3. Tiltaka under Buffersoner, Overvåking og rapportering, Formidling, Internasjonalt samarbeid har FMF ingen merknader til.

4. Fortidsminneforeningen vil understreke at for verdsarvstaden Urnes stavkyrkje, så er busetnad og gode levevilkår på Ornes ein avgjerande sikkerheitsfaktor. Det ligg i dette at det bør arbeidast aktivt med å utvikle moglegheitene for lokal verdiskaping og næringsutvikling, men innanfor rammene av ei forsvarleg ivaretaking av verdiane som ligg til grunn for at Urnes stavkyrkje og mellomalderkyrkjegarden er innskriveren som verdskulturminne.

5. I høve til det vidare arbeidet med ny politikk på nasjonalt verdsarvområde, så vil FMF oppmode om at dette får ei eiga Stortingsmelding.

Med helsing
FORTIDSMINNEFORENINGEN


Elisabeth Seip
Generalsekretær

Jon E Tamnes
Dagleg leiar
FMF Sogn og Fjordane avd